



Statsforvaltaren i Rogaland

HØYRING

**Frivillig vern av Indre Ulladalen naturreservat,
Suldal kommune i Rogaland**



Tittel : Høyring
Frivillig vern av Indre Ulladalen naturreservat, Suldal kommune i Rogaland

Dato : 03.07.2026

Forfattar : Solbjørg Engen Torvik

Emneord : Naturreservat, frivillig vern av skog, trua og nær trua naturtypar og artar, edellauvskog, naturmangfald

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal sider : 22

Ansvarleg signatur : Cathrine Stabel Eltervåg

Forsidefoto : Indre Ulladalen naturreservat. Foto: Vebjørn Enerstvedt

Samandrag

Verneforslaget for Indre Ulladalen i Suldal kommune er med dette dokumentet sendt på offentlig høyring til grunneigarar, naboar, lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Områdt er privateigd av ein grunneigar og tilbode gjennom ordninga frivillig vern av skog. Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Området har verdifull skog og skogsmiljø med sjeldan og sårbar natur i form av trua og nær trua naturtypar og artar og skogtypar med viktig økosystemfunksjon med levestad for mange ulike organismar. I Indre Ulladalen er det både rik edellauvskog med styvingstre og gammal furuskog med krokete furutre.

Områda er verna mot skade, øydelegging og forstyrring av plante og dyreliv. Det vil fortsett vere mogleg å nytte verneområda til enkelt friluftsliv, sanking av bær og matsopp, og til jakt etter gjeldande reglar. Reglane som gjeld i naturreservatet går fram av ei særskild verneforskrift, som følg vedlagt. Det er difor viktig å gjere seg kjent med desse reglane.

Alle som måtte ønska, kan komma med uttale til verneforslaget i denne høyringa.

Frist for å senda uttale er 25.09.2026.

Utarar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2022/154**.

Innhald

Samandrag	3
Innhald	4
1. Verneforslag i denne høyringa.....	5
1.1. Oversiktskart.....	5
2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag.....	6
2.1. Heimelsgrunnlag	6
2.2. Kunnskapsgrunnlag	6
3. Sakshandsaming.....	7
3.1. Saksgang for verneforslaget	8
3.2. Mottekne merknader til oppstartsmelding for Indre Ulladalen og Statsforvaltarens kommentarar.....	8
4. Endringar etter oppstart av verneplan	12
4.1. Namneendringar.....	12
4.2. Grenseendringar	12
5. Konsekvensar av eit vern.....	12
5.1. Avveging skogvern vs. skogbruk	13
6. Høyring.....	15
7. Forvaltningsstyresmakt.....	16
8. Verneforslag.....	16
8.1. Indre Ulladalen naturreservat (Ulladalen), Sauda kommune.....	16
Lokalisering og avgrensing	16
Verneføremål og verneinteresser.....	16
Kulturhistoriske verdiar	17
Inngrepsstatus og andre interesser	17
Samfunnstryggleik.....	18
Planstatus	18
Avveging skogvern vs. skogbruk.....	18
8.1.1. Kommentarar til verneforskrifta for Indre Ulladalen naturreservat	18
9. Referansar	21
10. Vedlegg.....	22

1. Verneforslag i denne høringa

Statsforvaltaren i Rogaland sender med dette forslag om vern av **Indre Ulladalen naturreservat** på høyring. Verneforslaget dekker ca. 1462 daa i Suldal kommune og er eigd av 1 grunneigar.


Området er vurdert å kvalifisere for vern som naturreservat etter *lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* § 37, jf. § 34 basert på tilgjengeleg kunnskap om naturverdiane i området og/eller nye naturfaglege registreringar som er gjennomført i samband med verneplanarbeidet.

Området er tilbode gjennom ordninga frivillig vern der skogeigarane sjølve tilbyr skogen til vern. Her kan du lese meir om [frivillig vern av skog](#). Frivillig vern forutsett at grunneigarane og staten blir einige og inngår ei avtale om avgrensing, vernereglar og erstatning før vernevedtak. Ei slik avtale er ennå ikkje utarbeidd for dette området, men prosessen er i gang. Prosessen vil avklare om det er grunnlag for endelege avtalar. Dette inneber at det kan bli endringar både i om området faktisk blir verna, vernegrenser og vernereglar som eit resultat av denne høyringa og forhandlingane om erstatning.

Gjennom arbeidet med St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* slutta Stortinget seg til regjeringas innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for vern av skog. Det blei blant anna lagt til grunn at eit utvida skogvern skulle følge dei faglege anbefalingane i NINA rapport 54/2002 «*Evaluering av skogvernet i Norge*». I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

I naturmeldinga *Natur for livet* (St.meld. nr. 14, 2015-2016) seier regjeringa at den vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern og auka det frivillige skogvernet. Stortinget vedtok eit mål om vern av 10 % av alt skogarealet i Noreg innan 2030. Per 31.12.2025 er 5,5 % av all skogen i Noreg verna, der vern dekkjer 4,3 % av den produktive skogen og 8,6 % av den uproduktive (Miljødirektoratet, basert på Landsskogtakseringen, NIBIO).

1.1. Oversiktskart



Figur 1. Lokalisering av Indre Ulladalen naturreservat.

2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag

2.1. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av *lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)* jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova (nml.) er det heimel for å oppretta ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat er den strengaste verneforma, og denne blir normalt brukt for vern av skog.

Vedtak om å oppretta naturreservat blir treft av Kongen i statsråd etter nml. § 37, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b) representerer en bestemt type natur,
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

For å oppfylle § 37 må også nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget nyttast:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

2.2. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for skogområde som skal vernast etter naturmangfaldlova, jf. § 8 i nml., skal *«... så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger»*.

Kunnskapsgrunnlaget som verneforslaget i dette høyringsdokumentet bygger på, er henta frå allment tilgjengelege offentlege data, mellom anna Naturbase, Artsdatabanken, Artskart,

publiserte vitenskapelige arbeid og direkte kontakt med fagpersonar og kartleggarar med høg kompetanse innan fagfelt om natur, miljø, økologi og artskunnskap. Det er gjennomført naturfagleg kartlegging i området for å underbygga naturverdiar generelt og skogvernverdiar spesielt. Det er også nytta andre offentlege kart og databasar for å innhenta andre interesser enn vern og eventuelle moglege konflikter i områda, til dømes NGU, NVE, Kulturminne, NARIN (Biofokus). Ein kan også finna dei fleste av desse tema samla i kartdatabasen Temakart Rogaland (<https://www.temakart-rogaland.no/>). I kapittel 9 er det samla referanseliste over kjelder, rapportar og databasar som er nytta.

3. Sakshandsaming

I saker med frivillig vern av skog får normalt Statsforvaltaren tilbod om vern frå grunneigar eller grunneigarar via ein skogeigarorganisasjon. Det blir deretter gjort ei vurdering av potensialet for å finna verneverdiar. Neste steg er naturfaglege registreringar i dei aktuelle områda, med mindre det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane frå andre kartleggingar. Når det føreligg god nok kunnskap som syner at området kvalifiserer for vern, blir skogdata innhenta gjennom taksering av skogen som grunnlag for erstatningsberekningar. Skogtakseringa gjennomførast av skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig. Deretter forhandlar grunneigarar og staten om erstatninga. Samstundes utarbeidar Statsforvaltaren forslag til vernegrense og vernereglar som grunneigar også må godkjenne, før eit endeleg verneforslag føreligg.

Tidlegare var det vanleg at avtalen mellom skogeigar og staten var ferdig forhandla før det vart meldt oppstart av verneplanprosessen, men for å oppnå tilstrekkeleg framdrift i verneprosessen, har det den seinare tid vorte sendt oppstartsmelding før slike avtaler er inngått. Ei føresetnad, er at grunneigarane aksepterer dette. På denne måten kan arbeid med den økonomiske erstatninga og arbeid med vernekart og verneforskrift gå parallelt, og i begge prosessane kan det koma innspel som påverkar den andre.

Den formelle sakshandsaminga skal følge naturmangfaldlovas §§ 41 til 43 og rundskriv T-2/15 frå Miljøverndepartementet (nå Klima- og miljødepartementet 2015), og rettleiar M-481 *Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven* (Miljødirektoratet 2016). Dette kan oppsummerast på følgjande måte:

- **Oppstartsmelding:** Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid ved brev til grunneigarar og aktuelle etatar og organisasjonar, samt kunngjering i aviser.
- **Offentleg høyring:** Eit konkret verneforslag blir sendt på høyring ved brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar. Høyringsforslaget (dette dokumentet) skal skildre verneverdiar, og andre verdiar og interesser, samt dei konsekvensane forslaget er venta å få. Det skal følge med forslag til vernekart og verneforskrift. Frist for å komma med merknader skal være minst to månader.
- **Tilråding til Miljødirektoratet:** Etter høyringa skal Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og eventuelt gjere endringar i forslaget. Eventuelle større endringar må drøftast med grunneigarane. Deretter sender Statsforvaltaren sin tilråding til Miljødirektoratet.
- **Tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD):** Miljødirektoratet vurderer forslaget og sender si tilråding til KLD.
- **Forslag om vern:** KLD forbereder saken og legg forslag om vern fram for Kongen i Statsråd.
- **Vedtak om vern** gjerast av Kongen i Statsråd som kongeleg resolusjon. Etter vedtaket vil erstatninga bli utbetalt i tråd med avtalen med grunneigar.

- **Kunngjering om vern:** Statsforvaltaren sender brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar, samt kunngjer vedtaket i aktuelle aviser. Dei nye verneområda blir skilta og merka.
- **Grensemerking** blir vanlegvis gjort av jordskifteretten, som etter krav frå Statsforvaltaren opprettar sak om grensegang for det enkelte område.

3.1. Saksgang for verneforslaget

Tabell 1 under viser saksgangen for verneforslaget, frå Statsforvaltaren fekk tilbod tilsendt og til høyringa er sendt ut.

Oppstartsmeldinga blei sendt som felles oppstart for 5 verneforslag 02.09.2025 (Vetthus, Ulladalen, Dirdal vest, Dirdal aust og utviding av Rekedal).

Verneforslaget Ulladalen blei kartlagt etter standard metode for skogvernkartlegging i 2022 (Miljødirektoratet 2022). Resultatet blei tilgjengeleg i Skoganalyse i januar året etter.

Tabell 1. Saksgang for Indre Ulladalen i Suldal kommune

Tilbod	04.01.2022
Kartlagd	Skogkartlegging: september og oktober 2022
Synfaring av Statsforvaltar	10.10.2024 saman med skogeigarorganisasjon, grunneigar og statens skogsakkunnig
Oppstart verneprosess	05.09.2025, frist for uttale 10.10.2025
Høyring	30.06.-29.09.2026. Høyringsfrist 25.09.2026

3.2. Mottekne merknader til oppstartsmelding for Indre Ulladalen og Statsforvaltarens kommentarar

Det blei meldt oppstart av verneplanarbeid for Vetthus, Ulladalen, Dirdal vest, Dirdal aust og utviding av Rekedal 02.09.2025 (Statsforvaltaren i Rogaland). Fristen for uttale var 10.09.2025. Oppstartsmeldinga blei sendt til grunneigarar, naboar til foreslått verneområde og aktuelle lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar, jf. lista under. Verneplanane blei òg kunngjort i Stavanger Aftenblad, i Norsk Lysingsblad og på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside.

Arkeologisk museum UIS, Avinor AS, Bane NOR SF, BirdLife Norge , BirdLife Rogaland, Dalane Energi, Direktoratet for Mineralforvaltning, Den Norske Turistforening , Enida AS, Fagne AS, Forsvarsbygg, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Framtiden i våre hender, Friluftsrådernes Landsforbund, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jernbanedirektoratet, Jæren Everk, Jæren Turlag, Jærsoppen, KE nett, Klima- og Miljødepartementet, Kommunal- og Distriktsdepartementet, Landbruksdirektoratet, Landbruks- og Matdepartementet, Lnett AS, Luftfartstilsynet , Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling, Miljødirektoratet, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Natur og Ungdom Rogaland, Naturvernforbundet i Rogaland, Norges Geologiske Undersøkelser, NHO Reiseliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges

Skogeierforbund, Norsk Biologforening (BIO), Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Oljedirektoratet, Riksantikvaren, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Forening, Rogaland flaggermusgruppe (Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus, NIFF), Rogaland fylkeskommune, Rogaland Idrettskrets, Rogaland Orienteringskrets, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, Ryfylkemuseet, SABIMA, Sauda Turlag, Skogselskapet i Rogaland, Språkrådet, Statens Kartverket, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, WWF-Norge.

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen.
Verneforslaget vedkjem ikkje interesser til jernbanen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen.
Verneforslaget er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen.
Verneforslaget er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Språkrådet har vurdert namneforslaget og tilrår namnet Indre Ulladalen naturreservat sidan området ligg lengst inn i Ulladalen.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren vurderer Indre Ulladalen naturreservat som eit godt namn.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunnleggjast. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggast til rette for drift og vedlikehald av støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Forskrifta bør opne for beite og utsetting av saltstein, samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunnleggjering.

Føresegn om motorferdsel må vurderast i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere generelt unntak om motorferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveing av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Verneforslaget inneheld for det meste naturtypar som ikkje er beiteavhengige. Lengst vest finst likevel prega av hagemark med enkelte styvingstre. Eventuelle beiteinteresser blir ivaretatt i § 4. Skjøtsel omtalast i § 9. Det går ein eldre landbruksveg inn frå vest. No er denne som ein sti å rekne. Ferdsselsårer skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4. Andre landbruksinteresser er ikkje kjent.

Indre Ulladalen blei tilbode for frivillig vern av grunneigar 04.01.2022. Området er tilbode før 1. februar 2022 og er derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Det er

likevel gjort ei litt ufullstendig vurdering. Avveging skogvern vs. skogbruk handsamast i kapittel 5.1.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaget og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg, til dømes kulturminne frå tidlegare bruk, stølsdrift, skogsdrift og anna bruk av utmark som eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Kulturminne er sjekka på offentleg kart og ingen registreringar av SEFRAK-bygningar, enkeltminne eller lokalitetar er funne. Verneforslaget i Ulladalen ligg i eit kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Dette blir ikkje negativt påverka av vernet. Det er ikkje kjent kulturminne frå tidlegare bruk, anna enn stien som kjem inn i området frå vest, beitepreg og hagemarkpreg med styvingstre i nedre og vestleg del. Standard fråsegn om at ein kan søka dispensasjon for istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, er gitt i § 7.

Suldal kommune er positiv til verneprosessen. Dei har ingen ekstra opplysningar om områda som kan påverke verneprosessen. Dei kjenner ikkje til andre planar for området og den foreløpige vurderinga er at vernegrensene er fornuftig sett.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Vegard Ankarstrand er veldig positiv til verneprosessen. Han meiner foreslått verneområde, samt tilgrensande område, har store verneverdiar av urørt karakter. Som kjentmann i området, har han inntrykk av at det er lite ferdsel og aktivitet, anna enn litt hjortejakt. Han håpar ein vil kunne halde fram med jakt, då han meiner dette skjer på ein forsiktig måte utan å øydelegga verneverdiane. Vidare meiner han at verneområdet burde ha vore større for å fanga opp meir av verneverdiane, og viser til område lenger mot vest og også mot sør over elva og opp til veggen, for å gi verneverdiane ein større buffer.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering. Me takkar for innspelet som underbygger at området har store verneverdiar. Jakt blir tillate jamfør verneforskrifta i samsvar med gjeldande lovverk. At området som no vernast ikkje er større, har fleire årsaker, mellom anna kravet til verneverdiar og prioriteringar i vern, og også årsaker som ikkje Statsforvaltaren rår over, mellom anna kryssande interesser med energisektoren.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) viser til høgspenlinje som går vest for foreslått verneområde. Dei ber områdekonsesjonær Fagne AS om å uttala seg om vernegrensa er sett slik at ein unngår konflikt med denne eller andre planlagde anlegg i nærleiken.

Verneforslaget grensar til elva Ulla som er regulert i samband med Ulla-Føre utbygginga. Det er ikkje er pålagt slipp av minstevassføring. NVE har opna revisjon av konsesjonsvilkåra, der slepp av minstevassføring i Ulla er eit aktuelt krav. Dette kan skape konflikt mellom verneføresegner og konsesjonæren sine plikter etter vassdragslovgivinga. Det er viktig at vernet ikkje er til hinder for naudsynte tiltak for drift, vedlikehald og tryggleik. NVE ber Statsforvaltaren gå i dialog med Statkraft om å vurdere behov for tiltak, motorferdsel og eventuelle unntak i verneforskrifta for akutte situasjonar. NVE har gitt eksemplar på moglege formuleringar.

NVE viser til at er det digitalt kartlagt fleire potensielle vasskraftpotensial i verneforslaget. Eitt prosjekt kryssar verneområdet ved Nyastølheia og har ei forventa produksjon på 1,74 GWh/år.

Det er også potensielle vasskraftpotensial i elva Ulla med forventa produksjon på om lag 2,9 GWh/år. NVE forventar at grunneigarane er informerte om potensialet.

Statsforvaltarens kommentar: Fagne har uttalt seg og sendt eige merknad til verneforslaget. Grensa for vernet langs elva Ulla er sett ved å nytta vasskontur-grensa jf. FBK-Vann. Det er ikkje vassdragsanlegg i eller inntil verneforslaget, anna enn den tørrlagde elva og ein terskel/steindam ved Hølen. Statsforvaltaren vurderer at slepp av vatn i elva som no ikkje har krav om minstevassføring berre vil ha positive verknader for verneområdet. NVE nemner vidare at det kan vere behov for rydding av vegetasjon og lausmassar for å halde flaumlaup opne. Statsforvaltaren ser ikkje at det er naudsynt å gjere tiltak inne i verneområdet på landsida så lenge grensa stoppar ved opphaveleg vasskontur mot elva. I tillegg vil tilkomsten måtte skje frå vegen som går på andre sida av elva. Tre som måtte ramla ut i elva vil liggja utanfor verneområdet og vil kunne handterast der. Trevyrket kan med fordel leggast igjen inne i verneområdet. Statsforvaltaren er likevel positiv til å ha dialog med Statkraft for å vurdere konkrete behov når dei oppstår, men vil ikkje inkludera føresegner i forskrifta på grunnlag av generelle og tenkelege hendingar. Det er høve til ytterlegare uttale til denne offentlege høyringa.

Statsforvaltaren stadfestar at grunneigar blei informert om kartlagd digitalt potensial for småkraft under felles synfaring med AT Skog, grunneigar og oss. Statsforvaltaren vurderer at så lenge det ikkje er slepp av minstevassføring i Ulla, er det heller ikkje potensiale for vasskraft her.

Fagne AS har vurdert verneforslaget og dei melder at dei ikkje har linjer eller kablar i området. Næraste luftlinje ligg vel 250 meter sør for sørvestlegaste hjørne av verneforslaget ved Hetleli. Dei har heller ingen planar for nettutvikling i området.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statkraft Energi AS er einig med NVE når det gjeld konsesjonæren sine plikter etter vassdragslovgivinga og har gjort greie for kva utfordringar verneforslaget kan ha for dei. Det kan koma nye krav om habitattiltak eller liknande langs heile elvestrekninga. Det kan også koma krav til fysiske tiltak for Ulla, eller anlegg oppstrøms Ulla (bekkeinntak, magasin) relatert til den pågåande vilkårsrevisjonen for Ulla-Førre-konsesjonen. Når verneområdet ligg så tett på regulerte elvestrekningar, kan det oppstå behov for tiltak som følge av konsesjonsvilkår eller nye pålegg frå styresmaktene. Dette kan omfatte rydding av vegetasjon og lausmassar for å sikre flaumløp, miljøtiltak, hydrologiske målingar og andre aktivitetar. Det er avgjerande at vernet ikkje hindrar gjennomføring av slike tiltak, som er naudsynt for sikker drift og i tråd med konsesjonsvilkåra. Verneforskrifta kan koma i konflikt med desse tiltaka dersom det ikkje gis tilstrekkeleg rom for naudsynte inngrep.

Oppsummert ber dei om at verneforskrifta utformast slik at den ikkje hindrar naudsynte tiltak for sikker drift og at konsesjonsvilkår oppfyllast (gjeldande og framtidige), og at det gis klare fråsegner for dispensasjon og akutte tiltak.

Statkraft eig og driftar i tillegg 22 kV nett frå Ulladalen mot Blåsjø ved verneforslaget.

Statsforvaltarens kommentar: Statkraft viser til NVE sin merknad og støtter deira uttale. Me viser difor til vår kommentar til NVE når det gjeld tiltak i det regulerte vassdraget som ligg inntil vernegrensa. Me påpeiker likevel at naturleg tilkomst til elva vil vere frå sør der vegen går, altså på andre sida i høve vernegrensa. Statsforvaltaren er likevel positiv til å ha dialog med Statkraft for å vurdere konkrete behov når dei oppstår, men vil ikkje inkludera føresegner i forskrifta på grunnlag av generelle og tenkelege hendingar. Næraste dam er 800 meter oppstrøms verneområdet, mens ein terskel/steindam ligg tett på ved Hølen. Minner om at høyringsinstansar og andre har høve til ytterlegare uttale og merknader gjennom denne offentlege høyringa.

I høve kraftleidninga er standard fråsegner for energi- og kraftanlegg tatt med i verneforskrifta.

4. Endringar etter oppstart av verneplan

4.1. Namneendringar

Ulladalen → Indre Ulladalen naturreservat

Språkrådet har foreslått at verneområdet får namnet Indre Ulladalen naturreservat sidan dalen er lang og det ligg lengst inn i dalen.

Statsforvaltaren har akseptert dette og viser til kommentar i avsnitt 3.2.

4.2. Grenseendringar

Det har ikkje kome forslag om grenseendring for verneforslaget.

5. Konsekvensar av eit vern

Når ein opprettar eit naturreservat etter ordninga frivillig vern av skog beheld grunneigar eigedomsretten, mens skogen eig staten på grunnlag av erstatningsoppgjeret og grunneigar kan ikkje lenger disponera den. I tillegg blir det lagd restriksjonar på kva for aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområdet. Naturreservat, jf. § 37, er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, jf. §§ 33-51. I naturreservat må ingen foreta noko som skadar verneverdiane. Vernereglane inneber eit generelt forbod mot hogst, bygge- og anleggsverksemd og motorferdsel. Restriksjonsnivået varierer noko i ulike verneforskrifter. Dette heng saman med områda sine ulike kvalitetar og verneformål, brukarinteresser, eksisterande tilrettelegging, anlegg og innretningar. For detaljar visast det til verneforskrift og verneforslag for dei enkelte områda.

Kven som blir forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Suldal kommune vil få forvaltningsstyresmakt for Indre Ulladalen naturreservat, slik dei i dag har for dei andre verneområda i kommunen.

I hovudsak er det den naturlege dynamikken som skal avgjere utviklinga i reservata og skal i stor grad få vere urørte. Statsforvaltaren vurderer difor at behovet for skjøtsel i dei fleste tilfella er lite. I skogområde vil fjerning av utanlandske treslag, til dømes sitkagran og ulike artar lerk, eller andre framande planteartar, gjerne vere det som er mest naudsynt å gjere. I Rogaland reknast heller ikkje den vanlege norske grana som stadeigen eller at den høyrer til i våre skogar. Nokre stader vil ein difor måtte gjennomføra større restaureringstiltak ved å foreta hogst av større eller mindre plantefelt med gran. Andre gonger kan det vere ønskeleg å gjere skjøtselstiltak som på andre måtar fremjar verneformålet eller verneverdiane, til dømes å framskunda den naturlege aldriingsprosessen i skogen ved å auka førekomensten av daud ved eller å oppretthalde seminaturleg preg og det naturmangfaldet som naturleg følger med slike areal. Då kan det vere naudsynt med skjøtsel i tråd med den tidlegare hevda. Dette kan vere, beite, slått, styving eller lauving av tre. Slike skjøtselstiltak må likevel berre gjerast dersom ein ser at det kan fremje verneformålet, og det må forankrast i ein godkjend skjøtelsplan. Etter eit eventuelt vern er vedtatt, vil behovet for restaurering og fjerning av framande artar, forvaltningsplan og skjøtsel bli vurdert fortløpande, og ein kan søka om midlar frå Miljødirektoratet for å gjennomføre tiltak.

De kan vere mange interesser som kan ha påverknad på eit verneområde og motsett. Her nemnast i korte trekk dei vanlegaste som inngår i dei aktuelle områda.

Kraftinteresser:

I Indre Ulladalen naturreservat er det kraftanlegg som går langs den vestre vernegrensa. I forskrifta er det tatt med standardformuleringar om at vernereglane ikkje er til hinder for drift, vedlikehald, istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande kraftanlegg i og inntil verneområdet, samt oppgradering eller fornying av kraftleidningar. Vernegrensa trekt godt vekk frå eksisterande kraftlinje og ryddebeltet for å unngå konflikt.

Det er registrert digitalt kraftpotensial i ein bekk som renn gjennom verneforslaget og i elva Ulla. Grunneigarane er kjent med dette og at etter vernevedtak, kan desse ressursane ikkje utnyttast.

Verneforslaget grensar til elva Ulla som er regulert. Foreslått vernegrense er sett i vasskonturen til elva, jf. FBK kart. Det er per i dag ikkje krav om minstevassføring i vassdraget, men NVE har opplyst om at dette kan bli endra.

Friluftsliv:

Det er ingen kartlagde friluftslivsområde i nærleiken verneforslaget.

5.1. Avveging skogvern vs. skogbruk

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 01.07.2020 med oppdatering 08.11.2021 skal all skog som det gis tilbod om til frivillig vern, vurderast med omsyn til verneverdiar og skogbruksverdiar sett opp imot kvarandre slik matrisa i figur 2 viser. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 01.02.2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Betydning for tømmertilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 ¹⁾
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 ¹⁾
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
	Betydning for tømmer tilgangen								

Figur 2. Matrise for kva området betyr for tømmer tilgangen og betydning for vern. Grøne område angir område der vern skal prioriterast framfor skogbruk, raude ruter angir at tømmer tilgangen skal prioriterast framfor vern og gult felt angir område som må vurderast nærare av Statsforvaltaren.

Indre Ulladalen blei tilbode for frivillig vern av grunneigar før 01.02.2022 og er difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet, men det er likevel gjort ei vurdering også av det området. Resultatet i avvegingsmatrisa er V3S7 og foreslått verneforslaget ligg difor innanfor dei kategoriane som skal prioriterast for vern (grøne ruter). Gjennom verneprosessen er det gjort tilpassingar mot skogbruksinteresser og andre interesser.

6. Høyring

I neste kapittel er verneforslaget skildra med informasjon om området generelt, verneverdiar og andre interesser. Vedlagt høyringsbrevet og dette høyringsdokumentet følger konkrete forslag til verneforskrift og vernekart med tilrådde vernegrenser.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut grunneigarar, naboar og lokale, regionale og nasjonale instansar og blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under [Høyringar](#) og under [Miljø og klima > Verneområde](#). Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med oss. Foreslått avgrensing ligg som pdf-kart på heimesida og kan sjåast på kart i [Naturbase](#) og i [Temakart Rogaland](#) under «Foreslåtte naturvernområde».

Føreliggande forslag til verneområde og vernereglar er utarbeidd på grunnlag av naturfaglege registreringar, dialog med aktuell skogeigarorganisasjon som har kontakt med grunneigarar og innspel frå melding om oppstart. Forskriftene og avgrensingane som sendes på høyring no er godkjent av grunneigarane, men både forskrift, avgrensing og kart vil kunne vere gjenstand for vidare drøftingar under høyringa.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaget. Me ber spesielt om at grunneigarar, instansar vernet vedkjem og andre brukarar av områda, går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og vernegrenser og gir oss tilbakemelding dersom dykk har informasjon som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorvegar som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konflikhtar med andre interesser. Eventuelle konflikhtar bør skildrast konkret, og også kva som vil vere nødvendig for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes spesielt vurderer om dei ønsker forvaltningsstyresmakt for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i neste kap. 7.

Med bakgrunn i innkomne merknader og opplysningar, samt drøftingar med grunneigarane, vurderer Statsforvaltaren behovet for å justere verneforslaget før endeleg tilråding av verneforslaget sendast til Miljødirektoratet.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er satt til **25.09.2026**.

Uttalar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2022/154**.

7. Forvaltningsstyresmakt

Kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for eit verneområde blir fastsett av Miljødirektoratet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområda, men styresmakta er i nokre tilfelle delegert til kommunane. Suldal kommune har allereie forvaltningsstyresmakt for dei eksisterande verneområda i kommunen, og Statsforvaltaren legg til grunn at dette òg vil gjelde Indre Ulladalen naturreservat.

8. Verneforslag

8.1. Indre Ulladalen naturreservat (Ulladalen), Sauda kommune

Kommune: Suldal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: ca. 1462 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Suldal kommune, gnr./bnr. 9/7. Eigd av 1 grunneigar.

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg lengst inn i Ulladalen og på nordsida av elva Ulla. Foreslått vernegrense er sett i vasskonturen langs Ulla frå Fossajuvet til Hølen, og vidare nordover opp mot fjellet. I nord følger foreslått grense i stor grad eigedomsgrensa vestover mest til Mikkelsjuvet og deretter er grensa i nord sett sånn at skogen heilt opp på fjellet blir inkludert til forbi Fossafjellet. I vest er grensa sett om lag 60 meter frå høgspenteleidningane som går i høgt spenn over Fossajuvet og Ulladalen, sånn at ein truleg unngår konflikt. Det er så langt kjend, ingen mastepunkt langs foreslått vernegrense og ingen kraftleidningar kryssar verneforslaget. På kart viser ei kraftlinje som skrår over Fossajuvet og inn over verneforslaget ved Fossane, men denne er fjerna.

Verneføremål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av rik edellauvskog med store, gamle tre, styva edellauvtre, gammal furuskog med gamle krokete tre og god førekomst av liggjande og ståande død ved.

Tilbudsområdet var stort, >7000 daa og blei kartlagt i september og oktober 2022. Den delen av tilbudsområdet som er aktuelt å foreslå til vern, er den indre delen av Ulladalen, frå elva Ulla og opp til fjellheia. Denne delen har fått ein skogvernindeks på 4,08¹ som er ein relativt god verdi i Rogaland. Skår for naturgitt mangfald er 1,75, og byggjer på stor variasjon av kartleggings-einingar, god førekomst av rikare bakkevegetasjon, samt fleire område med trua og nær trua naturtypar og artar. Fleire stader er naturtypen frisk rik edellauvskog som er nær trua (NT) kartlagd, og den sårbare naturtypen lågurt edellauvskog (VU) som er ein tørrare type, er også registrert. Det er registrert 8 trua og nær trua artar i området, og då er det truleg ikkje søkt etter fugl. Edellauvskogen inneheld både alm (EN), ask (EN) og hassel. Utanom trea er dei raudlista artane lav- og soppartar som er nær trua (NT) på raudlista, olivenfiltlav, kystdoggnål, skorpefiltlav, bleikdoggnål, almekullsopp og vedalgekølle. Øvre delar av verneforslaget går inn i eit stort

¹ Skoganalyse <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/4D42795F-88C1-42AD-841B-FE1BA8FEC18B>

viltareal for rein (NT), datert 08.10.2021. Rein og almekullsopp er også ansvarsartar for Norge. Skår for naturskognærleik er 1,33, og bygger på stor førekomst av død ved og store gamle tre. Store gamle tre finst både av alm, ask og furu. Fleire av asketrea er styva, særleg i vestleg del, der det er preg av hagemark. Ein del furuer har høg alder sjølv om dei ikkje er så store, opp til 300 år blei målt. Den krokete forma på furuene i området tyder også på det.

Tabell 2. Oversikt over registrerte raudlisteartar i verneforslaget til Indre Ulladalen naturreservat.

Registrerte raudlisteartar	Latinsk namn	Artsgruppe	Raudlistekategori
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Karplante	EN
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Karplante	EN
Olivenfiltlav	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Lav	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Lav	NT
Kystdoggnål	<i>Sclerophora peronella</i>	Lav	NT
Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	Lav	NT
Askekullsopp	<i>Hypoxyylon petriniae</i>	Sopp	NT, ansvarsart
Vedalgekølle	<i>Multiclavula mucida</i>	Sopp	NT

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte område har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på nasjonalt nivå ved at det ligg i mellomboreal vegetasjonssone. På regionalt nivå har verneforslaget god førekomst av trua og nær trua skognaturtypar som rike edellauvskogar, og det husar fleire trua og nær trua artar. Det er særleg stor førekomst av alm og ask som begge er sterkt trua (EN). Furuskogen er verdifull på grunnlag av gammal skog med gamle tre og død ved. Verneforslaget famnar edellauvskogen og furuskog frå dalbotnen ved elva Ulla i sør og til toppen av skogen mot fjellet. På denne måten dekkjer det heilskapen av skog. Området er fuktig ved at det ligg delvis i sterkt og delvis i klart oseanisk seksjon (O2 og O3). Området oppnår ikkje god mangeloppfylling på skogbonitet og lågareliggjande areal.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland – Natur, Naturbase, Artskart.

Kulturhistoriske verdier

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget, men det ligg i eit større areal som er klassifisert som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Dette området dekker heile Ulladalen og områda opp på fjellet der den høgastliggjande fjellgarden, Ørekvam, i Suldal ligg. Det er fleire registrerte kulturminne og SEFRAK-bygningar i dette området.

Kjelde: Temakart Rogaland - Kulturminne, Kulturminnesøk.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det går mange kraftleidningar og høgspenliner i og på tvers av Ulladalen i samband med Ulla-Førreutbygginga som utnyttar store nedbørsfelt med mellom anna Sandsavatnet, Blåsjø og fleire mindre vatn. Det er både regionalnett og sentralnett, samt distribusjonsnett til gardane i dalen. Verneforslaget har lang grense langs elva Ulla som er fråførd vatn ved mange inntakspunkt rundt Ulladalen, og også i sjølve elva Ulla ved Ulladalsåna dam, ca. 800 m oppstrøms vernegrensa i aust. Per i dag er det ikkje krav om minstevassføring i Ulla, men det er meld om revisjon av konsesjonsvilkåra der slepp av minstevassføring i Ulla er eit av krava som skal vurderast i samband med vilkårsrevisjonen.

Det er registrert eit digitalt vasskraftpotensial som kryssar verneforslaget ved Nyastølheia med forventa produksjon på 1,74 GWh/år. Det er også fleire digitale vasskraftpotensial langs elva Ulla med forventa produksjon på 2,9 GWh/år, men utan vatn i elva eller eventuelt ei minstevassføring, er det truleg ikkje lønsamt. Vasskraftpotensialet vart nemnd for grunneigar under synfaring.

Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Verneforslaget er ikkje registrert som kartlagd og verdsett friluftslivsområde, men Ulladalen og fjellgarden Ørekvam, var kring andre verdskrig del av ei satsing Turistforeininga hadde i Suldal (Kulturminnesøk Ulladalen (K509)).

Kjelder: Temakart Rogaland - Geologi og Friluftsliv, NGU, NVE.

Samfunnstryggleik

Mykje areal i verneforslaget er avmerkt som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Samfunnstryggleik.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Suldal kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftslivsmål samt reindrift (*LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*) (Suldal kommune, Kommuneplan).

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan.

Avveging skogvern vs. skogbruk

Ulladalen blei tilbode for frivillig vern av skog før 01.02.2022 og er difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet, men det er likevel gjort ei vurdering.

Resultatet i avvegingsmatrisa er V3S7 og ligg innanfor grønt område som angir at vern skal prioriterast framfor skogbruk. Verneforslaget har noko betydning for vern og mindre betydning for skog- og trenæringa.

Område	Betydning for vern og tømmer tilgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Indre Ulladalen naturreservat	V3S7	7,01 km ²	1462 daa

Vedlegg: Ulladalen - Avveging skogvern vs. skogbruk.

8.1.1. Kommentrar til verneforskrifta for Indre Ulladalen naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. *Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller med teken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kommentar: Forbod mot bålrensing er standard i skogvernområder. Verneforslaget inngår ikkje i kartlagt friluftslivsområde og er ikkje vere gjenstand for særskilt friluftsliv, då det ikkje ligg

nært folkerike område og heller har ikkje tilrettelegging for friluftsliv i nærleiken. I tillegg er det til dels svært bratt og har ustabil terreng. Det bratte og til dels ustabile terrenget skapar også ei større mengd døde småkvist som kan nyttast i eit bål. Statsforvaltaren vurderer difor at Indre Ulladalen naturreservat toler eventuell frekvens av bålbrenning. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning utgjer ein risiko i skogen, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i naturreservatet.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. *vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet*

Kommentar: Det er få stiar i Indre Ulladalen naturreservat og Statsforvaltaren vurderer at å vedlikehalde eksisterande stiar ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, men heller bidrar til kanalisering og vern av andre sårbare område.

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Indre Ulladalen naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

- a. *drift og vedlikehald, samt istandsetjing ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet*
- b. *oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at så lenge kraftlinjer av både regionalnett og sentralnett går tett på verneforslaget bør desse fråsegnene vere med i verneforskrifta § 4.

§ 5 Regulering av ferdsel

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- b. *Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar avmerkt på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at stien i Indre Ulladalen naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. *nødvendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsmyndigheita.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at så lenge kraftlinjer av både regionalnett og sentralnett går tett på verneforslaget, bør desse fråsegnene vere med i verneforskrifta § 5.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- d. *oppsetting og vedlikehald av gjerder*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at oppsetting av og vedlikehald av gjerder i samband med beite, kan vere nødvendig og ikkje skader føremålet med vernet dersom det blir gjort på ein skånsam måte.

e. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiding frå desse

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran eller andre utanlandske treslag dersom dei er spreidd i naturreservatet.

f. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4

g. nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at så lenge kraftlinjer av både regionalnett og sentralnett går tett på verneforslaget, bør desse fråsegnene vere med i verneforskrifta § 7.

9. Referansar

Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no>

Artsobservasjoner: <https://www.artsobservasjoner.no/>

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2006 (oppdatert 2007)

<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/andre/verdisetting-av-biologisk-mangfold/>

Fremmedartslista 2023: <https://artsdatabanken.no/lister/fremmedartslista/2023?TaxonRank=tv>

Gaarder, G. et al. 2012. Supplerande kartlegging av skog i Rogaland 2011.

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-rogaland/dokument-fmro/miljo/rapportar/gaarder-natyp_skog_rog_-2011.pdf

Klima- og miljødepartementet, 2015. Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§41-43). Rundskriv nr. T-2/15.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-15-saksbehandlingsregler-ved-omradevern-etter-naturmangfoldloven/id2398923/>

Kulturminnesøk: <https://www.kulturminnesok.no/kart/>

LOV-2009-06-19-100. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

Miljødirektoratet 2016. Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven. Veileder M-481

| 2016. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2016/januar-2016/opprettelse-av-verneomrader-etter-naturmangfoldloven/>

Miljødirektoratet 2022. Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet.

https://nedlasting.miljodirektoratet.no/nin_instrukser/Veileder-skogkartlegging_1_2022.pdf

NARIN (Biofokus):

<https://biofokus.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=7afe7db500754f7897fa2d237bd2409d>

Natur i Norge (NiN): <https://naturinorge.artsdatabanken.no/>

Naturavtalen 2023. [Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold-2023/id2468099/)

[\(Naturavtalen\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold-2023/id2468099/)

Naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

NGU, Norges Geologiske Undersøkelse: <https://www.ngu.no/geologiske-kart>

Norsk rødliste for arter 2021: <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat, temakart mynta på skogvern:

<https://temakart.nve.no/tema/skogvern>

Riksantikvaren, Kulturminner via Temakart Rogaland.

Skogkartlegging – NiN. Presentasjon av metodikk for skogkartlegging. 13. februar 2023:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/811467c00bf042098fbf9ca0caa6d8b7>

St.meld. nr. 14 (2015-2016) Natur for livet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=1>

St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/40da6fc97eba49af90479ae32ee27ccc/no/pdfs/stm200220030025000dddpdfs.pdf>

Statsforvalteren i Rogaland. <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/melding-om-oppstart-av-verneprosess-i-5-skogomrade-i-rogaland/>

Steinsvåg, K.M.F., Blindheim, T. Gaarder, G., Høytomt, T., Ihlen, P.G. & Langhelle, M.L. 2018. Naturfaglige registreringer av kystfuruskog Sammenstilling av kartleggingsresultater 2012-2017. Miljøfaglig Utfredning rapport 2018-10, 111 s. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m926/m926.pdf>

Svensson, A., Eriksen, R., Hylén, G. og Granhus, A. 2023. Arealrepresentativ overvåking av skogvernområder gjennom Landsskogtakseringen. Landsskogtakseringen 2017-2021. NIBIO RAPPORT | VOL. 9 | NR. 13 | 2023. <https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/3063717>

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>

10. Vedlegg

- Høyringsbrev
- Høyringskart, Ulladalen, juli 2026
- Forskrift Indre Ulladalen
- Skoganalyse - Indre Ulladalen
- Innspel Oppstart Ulladalen
- Avveining skogvern vs. skogbruk - Ulladalen
- ADRESSELISTE høyring Ulladalen

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

